



Nina Bøe  
Veråsvegen 77  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/3710 - 18/37797

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:  
18.12.2018

## Løyve til oppføring av garasje - gbnr 108/410 Lindås

### Administrativt vedtak. Saknr: 685/18

**Tiltakshavar:** Nina Bøe  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av garasje med bruksareal (BRA) opplyst til å vere 62,4m<sup>2</sup>. Utnyttingsgrad vil etter tiltak bli ca 10 % BYA.

Det vert elles vist til søknad motteken 11.12.2018.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 11.12.2018 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som bustadføremål. Tillat grad av utnytting etter gjeldande plan er 20% BYA.

### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon. Tiltaket er i samsvar med unntaket for plankravet i kommuneplan punkt 2.14.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 12.11.2018.  
På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 10,7 meter.

Avstand til vegmidte offentleg veg er opplyst å vere 15,6 meter.



**Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentleg veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.

**VURDERING:****Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

**Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

**VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av garasje på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 12.11.2018 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Før det vert gjeve ferdigattest for tiltaket skal følgjande ligge føre:

Faktisk plassering av garasjen må vere målt inn og koordinatar sendt kommunen.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «18/3710»

**Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

**Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

**Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

**Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Helgesen Tekniske Bygg AS

**Mottakar:**

Nina Bøe

Veråsvegen 77 5955

LINDÅS